

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 08.09.2020

Til stades: Ole Gisle Vassel, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Jan Tore Huus, Oddmund Skeie, Liv Bente Steiro og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Runar J. Haugen

Referent: Kaia

Sak 2020/44: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2020/45: Godkjenning av referat frå styremøte 18.08.20; godkjent

Sak 2020/46: Eigedomar:

- Gjennomgang av utleigeprisar for Herand Kulturhus. Kaia la fram gjeldande utleigeprisar, datert 01.02.16. Det er ikkje alle prisar på lista som framleis er gjeldande. Det lages ny, forenkla liste. Pris på leige av møterom; her vert det sett ein pris for møterom, uavhengig av størrelse. Inga prisauke på leige av rom. Kjøp av vask vart heva i 2019. Ny liste leggst fram for styret på neste styremøte.
- Avtale med Sigmund Eiken om tilsyn og utleige av kulturhuset. Kasserer lager ein avtale med Sigmund og legg fram for styret neste møte.

Sak 2020/47: Tilstellingar:

- Oppsummeringsmøte av turistsesongen 2020; Vert 06.10.2020 kl. 19.00 på kulturhuset. Kaia sender invitasjon til lokale tilbydare i turistnæringa og heng opp plakat/legg ut på facebook.
- Romjulsbasar; Ole sender ut «basargåvebrev» til styremedlemmene. Vi startar innsamling av gevinstar til loddbøker. Alle bidrag vert sett pris på!

Sak 2020/48: Liv og Lyst konferansen 2020:

Herand bygdelag har fått invitasjon til Liv og Lyst konferanse. Ole sjekkar om Gunnar og Reidun Dalseth ynskjer å delta og halde tråden i dette. Reidun vil delta på konferansen.

Sak 2020/49: Kommuneplan for Ullensvang kommune:

Samfunnsdelen av ny kommuneplan er ute til høyring med svarfrist innan 18.09.2020. Ole skriv eit høyringsinnspel frå Herand bygdelag, styremedlemmane sender sine innspel/kommentarar til han i løpet av veke 37.

Sak 2020/50: Økonomi:

Budsjett for nærmiljøanlegget, Herand bygdelag sin eigenandel i prosjektet. Styret vedtok ein eigenandel på kr. 300.000,-. I tillegg kjem dugnadstimar. Prosjektgruppa startar søking om støtte denne månaden.

Sak 2020/51: Haustdugnad:

Det vert haustdugnad laurdag 03.10. Arbeid på to stader, ved kulturhuset og i kulturstien. Dei som vil vere med å rydde i kulturstien, møter på brua i Sævare kl. 10.00, ta med

motorl a/ryddesaks. For rydding rundt kulturhuset og elles i bygda, oppm te ved kulturhuset kl. 10.00.

Sak 2020/52: Andre saker/eventuelt:

Ingen saker.

Neste styrem te tysdag 13.10.20 kl. 19.00 p  Herand kulturhus